

**PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet**

Møte: 06/2015
Tid: Måndag 7. desember kl. 11.00 – 15.00
Stad: Strilåtun

Til stades:

Kommune	Ordførar	Varaordførar	Politikar	Rådmann
Fedje	Hadde ikkje høve til å møte denne gongen			
Gulen	Hallvard Oppedal		Ivar Eide	Reidun Halland
Lindås		Nina Bognøy	Bjarte Vatnøy	
Masfjorden	Karstein Totland - Møteleiar	Torill Torsvik Størkersen	Egil Kvingedal	Svein Helge Hofslundsengen
Modalen	Tom Kristian Thorsen			Øivind Olsnes
Solund	Hadde ikkje høve til å møte denne gongen			
Tillitsvalde:	Jarle Næss – Utdanningsforbundet, Liv Berit Haukås – Fagforbundet			
NUI:	Bent Gunnar Næss - prosjektleiar			
Fylkesmannen				
KS Hordaland				
KS Konsulent	Åsbjørn Vetti			

Sak 39/15	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.</p>
Sak 40/15	<p>Godkjenning, møteprotokoll møte 5 – 05.11.2015 (vedlegg)</p> <p>Vedtak: Møteprotokollen frå møte 05.11.15 – møte nr. 5 vart godkjent.</p>
Sak 41/15	<p>Framdriftsplan for resten av prosjektperioden</p> <p>Framdriftsplan for resten av prosjektperioden skal vere med å bidra til at ein får til ein god prosess i prosjektet. For å få til det vil det vere viktig å ha kjennskap til kva som kjenneteiknar ein god prosess. Deltakarane var med å kartla kva som vil vere fiaskofaktorane og kva som er suksessfaktorane i ein god prosess. Desse er samanstilt i tabellen under.</p>

Suksessfaktorar – god prosess**Fiaskofaktorar – dårleg prosess**

1. Synleggjere dei evt. økonomiske gevinstante med å slå i saman kommunane – få fram til politikarane og innbyggjarane – skilnad i handlingsrom åleine vs. samanslåing.
2. Få fram fakta om utfordringane - kva for kvalitet vi skal levere i høve til økonomi – kan vi løyse dette sjølve, interkommunalt samarbeid eller gjennom samanslåing?
3. Ha dialog med innbyggjarane, næringsliv, frivillige organisasjonar slik at ein veit kva innbyggjarane er oppteken av.
4. Syne for innbyggjarane at vi har ein god plan. Inkl. god intensjonsavtale.
5. God informasjon og kommunikasjon. Intensjonsavtalen vert lagt fram til drøfting og debatt. Kombinere med eit godt informasjons- og kommunikasjonsopplegg. Debatt i lokalvisa mm.
6. Få synleggjort dei høge krava til dei kommunale tenestene framover – «kompetanseintensive tenester», jfr krav i t.d. primærhelsetenesta.
7. Vise fram dei samarbeida vi har i dag.
8. Full openheit om prosess.
9. Brei deltaking frå organisasjonane og dei tilsette. Få fram dei faglege vurderingane til dei ulike fagmiljøa i kommunane.

1. Ingen er hærforar som tonar flagg – innbyggjarane må gå først
2. Manglande forankring i kommunestyra.
3. «Vi har ikkje noko vansker med å levere kommunale tenester om vi står åleine» –vert ikkje problematisert
4. Utfordringar med samanslåing vert underkommunisert
5. Tidleg innbyggjarhøyring – utan tilstrekkeleg tid til debatt og modning
6. Viktige spørsmål frå innbyggjarane vert ikkje svart på i intensjonsavtalen
7. Manglande involvering av dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar
8. Auka avstand i politikken ved samanslåing vert ikkje forsøkt kompensert
9. Prinsipp om nærleik til tenestene vert ikkje slått fast

Regionrådet hadde i møte 19.11.15 gjort følgjande vedtak i sak 47/15:

Vedtak:

Kommunereformprosessen i Nordhordland vidare - råd frå Regionrådet 19. november 2015.

1. Regionrådet ber om at reformprosessen i sør (Lindås, Meland, Radøy) og i nord (Gulen og Masfjorden) vert gjennomført så raskt så mogeleg innan midten av februar 2016.
2. Det store Nordhordlandsalternativet vert vurdert på nytt frå februar til april med bakgrunn i dei avtalar som er forhandla fram - og avklaring av ytre forhold som inntektssystem og meir - og avhengig om nokon vil slutta seg til de alternativa (nord og sør) som er forhandla fram.
3. Regionrådet brukar resterande midlar mottatt frå fylkesmannen til å førebu sluttforhandlingar om sør- og nordalternativet og / eller bistår kommunane i sitt reformarbeid fram til mars.

Det var sendt ut eit forslag til framdriftsplan i resten av perioden. Den skal sikre at ein kommunestyrene kan gjere endeleg vedtak innan juni 2016. Forhandlingutvalet slutta seg til den oppsette framdriftsplanen og arbeidsutvalet må følgje den opp.

Forhandlingsutvalet ser det som viktig at ein heldt oppe arbeidet med det store alternativet frå februar slik at ein klar til å sjå på det når avtalane frå dei andre forhandlingane ligg føre.

Vedtak:

- Arbeidsutvalet får i oppdrag å jobbe vidare med å førebu Nordhordlandsalternativet slik at denne prosessen er klar til å fortsette i februar, i samsvar med Regionrådet sitt vedtak.
- Arbeidsutvalet får i oppdrag å utarbeida eit notat som synar endringar i inntektssystemet og konsekvensane for kvar einskild kommune og dei tre ulike samanslåingsalternativa.
- Forhandlingsutvalet ber om at arbeidsutvalet vurderer om der er grunnlag for eit Nordhordlandsting i januar der endringane i inntektssystemet og konsekvensane for kommunane i Nordhordland vert drøfta.

<p>Sak 42/15</p>	<p>Kommunikasjonsplan (vedlegg – revidert plan) Det vil vere viktig å ha ein kommunikasjonsplan som sikrar at alle grupper vert nådd med informasjon som er tilpassa dei ulike gruppene. Arbeidsutvalet må ha fokus på denne saka.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet tok saka til orientering.</p>
<p>Sak 43/15</p>	<p>Oppdatert politiske signal</p> <p>Hadde ein kort gjennomgang av kva nye politiske signal som ligg føre som har betydning for arbeidet med kommunereform. Det vart mellom anna sett på:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inntektssystemet - kjem på høyring før jul • Stortingsmelding 26 (2014-2015) – Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet <p>Det vart peika på av fleire at det var viktig at inntektssystemet kom på høyring no og at det gav ein klar retning for kva rammer kommunane vil ha framover. Det ville gi viktige føringar for debatten framover.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet tok saka til orientering.</p>
<p>Sak 44/15</p>	<p>Korleis skal folket høyrast før endeleg vedtak? Det var sendt ut eit notat som viser metodar for korleis folket kan høyrast.</p> <p>Dette vart presentert i møte.</p> <p>Det var stor semje om at det ville vere ein stor fordel om ein hadde ein felles køyreplan for dette i regionen.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet tilrår at kommunestyrene ventar med å gjere vedtak om korleis folket skal høyrast til forhandlingane er avslutta.</p>
<p>Sak 45/15</p>	<p>Konsesjonskraft (vedlegg) Det var sendt ut eit notat som er ein oppfølging av Telemarksforsking sin rapport på det temaet.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet tok notatet til orientering.</p>
<p>Sak 46/15</p>	<p>Økonomi i den nye kommunen – (vedlegg)</p> <p>Det var ein kort gjennomgang av korleis økonomien i den nye kommunen kan bli endra. Det som er den store usikkerheiten er det nye inntektssystemet. Det vart også stilt spørsmål til dei berekningane som var lagt fram. I ein ny og større kommune bør der kunne frigjerast midlar frå administrasjon. Desse midlane bør kunne nyttast til å utvikle den nye kommunen.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet tok notatet og gjennomgangen til orientering.</p>
<p>Sak 47/15</p>	<p>Intensjonsavtalen – status (vedlegg) Det var sendt ut eit utkast til intensjonsavtale. Det vart gitt tilbakemeldingar på utkastet slik det no ligg føre. Ei generell tilbakemelding var at dokumentet må spissast noko meir. Det må også komme fram at den nye kommunen vil vere stor geografisk og at det vert tatt omsyn til det.</p>

	<p>Vedtak: Forhandlingsutvalet ber arbeidsutvalet om å jobbe vidare med intensjonsavtalen.</p>
Sak 48/15	<p>Oppsummering Leiar Karstein Totland oppsummerte møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert undersøkt om der er grunnlag for eit Nordhordlandsting i januar – der det vert sett på verknaden av eit nytt inntektssystem for kommunane • Når forhandlingane i «sør» og «nord» er avslutta vert det på nytt vurdert det store Nordhordlandsalternativet. I og med der da er knapt med tid frå slutten av februar og fram til og med juni ber forhandlingsutvalet om at alle kommunane i regionen set av dagane 29.02 – 02.03 førebels, for å kunna komme raskt i gong med å utgreia det store Nordhordlandsalternativet vidare. • Arbeidsutvalet fortset sitt arbeid innafor dei rammene som er gitt frå dei kommunane som deltek i dette prosjektet.

Strilatun, 8. desember 2015

Karstein Totland
Nestleiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS